



Møteprotokoll STYREMØTE FNF Møre og Romsdal

Dato: Tysdag 3. okt 2017
Stad: Sunnmøre friluftsråd sine lokaler i Vegsundet
Kl: 1200 - 1430

Sakliste

Frammøtte; May Britt Haukås (SF), Åsa Fredly (NJFF), Ola Fremo (FNR), Åsmund Steen (ÅST) og Ingbjørn Bredeli (FNF); Øystein Folden (NAT) deltok telefonisk på sak 22 og 23.

Sak 17.17 Godkjenne referat frå styremøte 25 april 2017

Forslag til vedtak:

Styret godkjenner referatet fra møtet 25 april 2017.

Vedtak:

Styret godkjenner referatet fra møtet 25 april 2017.

Sak 18.17 Handlingsplan for 2017

Forslag til vedtak:

FNF Møre og Romsdal avventar at vi får utbetalt driftstilskot frå FNF sentralt før vi betaler inn pengar til lønskompensasjon.


Vedtak:

FNF Møre og Romsdal forventar at vi får utbetalt driftstilskot frå FNF sentralt før vi betaler inn pengar til lønskompensasjon. Vi ber om å få innsyn i korleis fordeling av driftsmidlane er gjort i landet i høve til dei løyvde 11 mill kr frå staten for 2017.

Sak 19.17 Spelemidlar og naturmangfoldslova

Forslag til vedtak:

FNF Møre og Romsdal avventar ei 3 vekers tid og sender saka over til Sivilombodsmannen om ikkje ein får tilbakemelding på vårt brev av 12.01.2017. Samstundes lagar vi eit brev til kommunane i fylket ala vårt brev av 04.11.2015 der vi gjer merksom på moglegheiter som ligg i spelemidlane samstundes som vi gjer merksame på vurderingar som må gjerast i høve til naturmangfoldlova. Ein ser også for seg eit eksempelhefte her slik at kommunane lettare finn gode døme på anlegg.



Vedtak:

FNF Møre og Romsdal avventar ei 3 vekers tid og sender saka over til Sivilombodsmannen om ikkje ein får tilbakemelding på vårt brev av 12.01.2017.

Sak 20.17 Spelemidler og informasjon

Saksframlegget her finn ein som ein del av saksframlegget til førre sak.

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal vil arbeide med renovering av eksisterande turstiar og lage nye turstiar og fremje gode søknader for friluftslivsanlegg. FNF Møre og Romsdal lagar eit brev til kommunane i fylket ala vårt brev av 04.11.2015 der vi gjer merksam på kva moglegheiter som ligg i spelemidlane samstundes som vi gjer merksame på vurderingar som må gjerast i høve til naturmangfoldlova. I dette brevet viser ein til gode eksempel som ein finn på nettet.

Sak 21.17 Prosjekt kartlegging og verdsetting av friluftsområde

Forslag til vedtak:

FNF Møre og Romsdal inviterer dei to prosjektleiarane til eit dialogmøte om prosjekt kartlegging og verdsetting av friluftsområde slik at alle organisasjonane tilknytta FNF-Møre og Romsdal får sjangs til å vere delaktig i denne prosessen.

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal inviterer dei to prosjektleiarane til eit dialogmøte om prosjekt kartlegging og verdsetting av friluftsområde slik at alle organisasjonane tilknytta FNF-Møre og Romsdal får moglegheit til å vere delaktig i denne prosessen.

Sak 22.17 Rådgevande utval (RU) for Dovrefjell

Forslag til vedtak:

FNF Møre og Romsdal meiner at vektinga av representantane i RU-Dovrefjell er feil ved at natur- og friluftslivorganisasjonane er underrepresentert. Samstundes finn vi RU-Dovrefjell som den einaste forutsigbare årlege samankomst for det som skjer i verneområdet og finn det rett å stille der. Ut frå at det nok er organisasjonane i M&R som verkar å vere mest involvert i Dovrefjell ber vi styret i FNF-Sør Trøndelag om at vi får stille med representanten medan Sør-Trøndelag stiller med vara.

Vedtak:

Åsa Fredly frå NJFF og FNF-koordinator forhandlar med FNF-Trøndelag om ein felles representant i RU-Dovrefjell. Vårt forslag til medlem er Naturvernforbundet i Møre og Romsdal ved Øystein Folden. FNF Møre og Romsdal lagar ein avtale om representantskapet i RU-Dovrefjell som også kan vere mal for andre RU.



Sak 23.17 Rådgevande utval (RU) for Reinheimen

Vedtak:

For Reinheimen så går Sunnmøre friluftsråd ut av RU-Dovrefjell medan NJFF får moglegheita til å stille. Om ikkje NJFF har moglegheit, så stiller FNF-kordinator.

Sak 24.17 Plansak Hjellane

Forslag til vedtak:

FNF Møre og Romsdal sender eit fråsegn om Hjellane hyttefelt om at det ikkje er lurt å ta vekk det eine friområdet i hyttefeltet.

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal sender eit fråsegn om Hjellane hyttefelt om at det ikkje er lurt å ta vekk det eine friområdet i hyttefeltet.


Sak 25.17 Turgåing og toalett

Forslag til vedtak:

FNF Møre og Romsdal lagar eit informasjonsbrev om toalett og friluftslivsområder som blir sendt ut til lag og organisasjonar/kommunane i fylket.

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal lagar eit brev til våre fylkespolitikarane der vi seier at vi ser positivt på at det blir sett av midlar til toalett ved friluftsområda. Samstundes gjer vi våre fylkespolitikarane merksam på at det må også må avsettast midlar til drift av toalett ved friluftsområda. Det har ingen hensikt å føre opp toalett om ikkje ein har eit driftsopplegg. Informasjon om kor dei eksisterande toaletta ligg må leggst inn i morotur.no (med opningstider).



forum for
Natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Referat og muntlege orienteringar

- A Skjergårdstenesta i Møre og Romsdal
- B Strandrydding i 2017
- C Valet 2017
- D Betaling i utmarka
- E FNF samling 19-20 nov 2017
- F Friluftslivets veke 2017

Åsa Fredly
Styreleiar

Ingbjørn Bredeli
FNF-koordinator